

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule, 25. mai 2011, kl 19.00 – 20.45.

Til stades: Dan Danielsen, Bjørg Samland, Gerd Haugen, Sidsel Haugen, Jane Lene Svåsand, Hallvard Hoås Samland, Ole-Gisle Vassel.

Sak 1, Økonomirapportering frå Herand barnehage.

Kasserar orienterte om driftsresultatet pr 30. april 2011, resultatet er i samsvar med budsjettet.

Vedtak: Styret tok orienteringa til etterretning.

Sak 2, Eventuelt.

a) Retningsliner for private barnehagar i Jondal.

Kommunestyret vedtok i møte 25.05.11 retningsliner for private barnehagar i kommunen, vedtaket har verknad frå 01.01.11. Hovudpunktet i retningslinene omhandlar tidspunkt og hyppigheit for rapportering av barnetalet i barnehagen. Vedtaket føreset månadleg rapportering til kommunen og at det offentlege tilskotet vert berekna på månadsnivå ut frå antal barn i barnehagen.

b) Lagring av jernkonstruksjon på kaien.

Dan Danielsen har avtala med Leif Stana, som eig jernkonstruksjonen, at den vert fjerna frå kaien snarast.

c) Usikra trampoline på kaien.

Dan Danielsen har etter samtale med Trym Klingenberg fått stadfesta at trampolina vert stengt og avlåst når den ikkje er i bruk av Kram Sjø sine egne gjester.

d) Meieriet.

Styret diskuterte om eit sal av Meieriet til Herand Båtlag er aktuelt. Moment i ei slik vurdering kan t.d. vere:

1. Behovet for lokalet er etter kvart redusert, bygdelaget har skulen. Meieriet er utleigd til privat verksemd.
2. Meieriet ligg sentralt i bygda i tilknytning til båtlaget sine eigedomar, båt- og gjestehamn, kiosk, båtbyggjarmuseet, Kram Sjø og badestranda.
3. Utvendige vedlikehaldskostnader.
4. Forsikringskostnader.
5. Styret i Herand Båtlag er positiv til å drøfte/forhandle om eit eventuelt sal.
6. Styret i Herand Bygdelaget ynskjer at Meieriet vert eigd av lag/organisasjonar i bygda og at det ikkje vert selt på den opne marknaden.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.